

Kulturmidler - søknad om kulturminnevern med frist 1. mars (KF-109A-1256)



Referansenummer: XT3W5A

Registrert dato: 01.03.2019 23:03:24

Innleiing

Opplysningar om kontaktperson

Førenamn

Alexander

Etternamn

Helle

Adresse

Fureskjegget 71

Postnummer

5919

Poststad

Frekhaug

Telefon

93832858

E-post

alexander.helle@gmail.com

Bankkonto

12510536021

Tiltaket

Grei nærmare ut om kva tilskottet skal brukast til

Vøling av Fureskjeggets garveri

-Utarbeide tiltaksplan med budsjett

-Byte ut roteskada konstruksjon

-Legge nytt tak

-Skifte deler av kledning som er råteskada

Søknadssum

45000

Utfyllande opplysningar

Vøling av maskinhus på Fureskjegget garveri.

Søkar overtok eigendommen Fureskjegget i 2017. Me kontakta da kulturkontoret og hadde ei synfaring med Eirik Utne frå kommunen og Arild Sætre frå Museumssenteret i Salhus. Etter tilslag på søknad om kulturminnevern i 2018 kontakta me firmaet Gamle3hus og fekk laga ein plan for strakstiltak. Denne er no gjennomført, og me søker difor om stønad til å gå i gang med tiltak for å vøle maskinhuset.

Gjennomførte tiltak:

-Hol i bølgeblekktak er tetta

-Knuste vindauge er dekkja til med plast

-Råteskada kledning og konstruksjon er dekt til med kraftig presenning

-Golv i kjellar er brutt opp og fuktige masser er gravd ut til grunnfjell

-Veggetasjon rundt bygget som pressa på grunnmur er sagd ned og rydda bort

-Tette kistegrøfter rundt bygget er gravd opp og ny drenering er etablert

Søknad om nye tiltak

Me ynskjer å bruka resterande sum av tilskotet frå 2018 til å få utarbeiding ein tiltaksplan med budsjett av Gamle3hus. Så langt veit me at tiltaksplanen skal avklare i kva grad det er naudsynt å, og kva det vil koste å:

- Byte ut roteskada konstruksjon
- Legge nytt tak
- Skifte deler av kledning som er råteskada

Bakgrunn:

Søknad om tilskot til verna kulturminne i Hordaland, vøling av maskinhus på Fureskjegget garveri.

Søkar overtok eigendomen Norheim på Fureskjegget i Meland sumaren 2017. Eigendomen var tidlegare i drift som gaveri og småbruk. Fureskjegget garveri vart etablert rundt 1890 av Mons Erikson. I 1912 overtok Ivar Rasmusson Hvidsten. Versemda var i drift til 1932. Garveriets to bygningar inngår i eit heilskapeleg kystkulturmiljø rundt kaien på Fureskjegget. Her var det mellom anna postkontor, kolonial, koppargruve og to røykeri, og kaien var samlingsplass for store delar av Austebygda før bilen kom til Holsnøy. I nærområdet er 13 av omlag 17 bygningar sefrak-registret. 7 av dei sefrak-registrerte bygga ligg på vår eigendom, som me kjøpte i 2017. Garveriets hovudbygg, 170m² + loft, er i sterkt forfall etter lang tids manglande vedlikehald.

Da me overtok eigendomen i fjor inviterte me kulturkontoret i Meland, ved Eirik Utne, og Arild Sætre frå Museumsenteret i Salhus på synfaring. Konklusjonen frå synfaring var at hovedbygget på garveriet ville vera svært kostbart å vøla, medan det mindre bygget «Maskinhuset» kunne la seg setta istand.

Bygningens konstruksjon, som har fine detaljar som kombinasjon av bindingsverk og rotkne, er i relativt god stand. Ei stor maskin i jern som vart brukt til bearbeiding av skinna fyller store delar av hovudrommet. Motoren til maskina sto i eit lafta tilbygg. Ved synfaring anslo Arild Sætre at dette tilbygget er ei stove frå 1700-talet som er flytta hit frå ein annan gard. Kverna ein nytta til å male bark til garvinga er også bevart. Den går over tre etasjer. I kommuneplanens arealdel er bygningen regulert til "Næring - overnatting og servering", og bygget har såleis potensiale for ein meir allmenn bruk i framtida. Me har også kome med innspel til Meland kommunes rullering av kommuneplanen på deltema reiseliv. Ny aktivitet i maskinhuset inngår i dette innspelet

Hausten 2018 kontakta me firmaet Gamle 3hus som har vore på synfaring. Det vart da diskutert fremdriftsplan og prioriteringar. Me har no mellombels sikra bygget mot vidare forfall. Til dette arbeidet har me fått 25 000 i stønad frå Meland kommune.

Gamle 3hus vil bli brukt som konsulent i det vidare arbeidet. Søkar er utdanna arkitekt og har som del av studiet studert vestnorsk bygningshistorie. Originale materialer vil bli bevart eller gjenbrukt i den grad det let seg gjera. Arbeidet vil bli utført av søkar i samarbeid med handverkar.

Det vert søkt om tilskot til skifting av øydelagte delar i konstruksjon, kledning, vindauge og legging av tett tak. Dokumentasjon av alt gjennomførte tiltak vil bli ettersendt denne søknaden